Vilt og vakkert med Vamp

STEMNINGSFULLT: *Øyvind og Odin Staveland, Paul Hansen og Torbjørn Økland serverer publikum «Liten fuggel».*

SOGNDAL: Nær 700 personar fekk oppleva norsk musikk på sitt mest fengjande, då Vamp spelte to konsertar i Sogndal kulturhus onsdag.

Med «Beninis voggesong» opna dei første konsert for fullsett sal. Ei opning der vokalen dessverre druknar litt i det rike lydbiletet. Dette blir snøgt teke hand om, og ein klårare vokal tek sin velfortente plass. Eldre melodiar blir henta fram att då «Under jorda» kjem som andre låt ut. Det mannsterke bandet vert fort husvarme, og tek seg god tid til å rosa og småprata med publikum undervegs.

Leikent og energisk

Paul Hansen og Odin Staveland vekslar mellom å ta styringa på vokal, medan Øyvind Staveland briljerer på fele og fløyte. Det viser seg umiddelbart å bli ei musikkoppleving så fengslande at publikum gløymer å foreviga konserten med mobiltelefonar undervegs. Her er alle auge retta mot scena, på bandet som leikent og energisk gjer det dei kan best.

Trampeklapp

Ragnhild Myklemyr
MELDAR

Vamp tek publikum høgt og lågt i halvannan time. Mot slutten blir låtar som «Ingeborg» og «Tir n´a noir» servert i all si prakt. Det byggjer seg opp til ein fest av lys, trommer og strykarar når dei første tonane til «Månemannen» strøymer ut i salen.

Bandet bukkar og takkar for seg, til ein trampeklapp som set golvet på prøve. Men dei frammøtte i salen lét seg ikkje bli snytt, for låten som allereie før albumutgivelsen i oktober, hadde seld til platina. Etter publikums ønske, kjem dei attende på scena og rundar det heile med radio-hiten «Liten fuggel».

Vamp plukka kanskje ned fuggelen, men publikum sveva nok ei stund til.

KRAFTFULLE BOGESTRØK: *Øyvind Staveland gav alt på fele, til stor begeistring frå salen.*

– Kjempebra konsert

SOGNDAL: Publikum hadde lite å utsetja på Vamp sitt gjensyn med saftbygda.

– Dette var kjempebra, fortel Tone Sviggum. Ho er mellom dei som var tidleg nok ute til å skaffa seg billett til første førestelling i Sogndal Kulturhus onsdag.

Det er ikkje første gong ho og mannen Knut Idar er på Vamp-konsert saman.

– Me har sett dei i Grieghallen i Bergen, samt på Meieriet her i Sogndal. Vamp skuffar aldri, konstaterer Sviggum.

ROSAR VAMP: *Tone Sviggum og Ørnulf Nes var vel nøgde etter onsdagens konsert med Vamp i Sogndal kulturhus.*